



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2023/377-4

Saksbehandlar: Odd Gudbrand Aamodt

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/109	28.11.2023	Formannskap Kommunestyret

## Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2024 - 2027 og årsbudsjett 2024

### Dokumenter

- Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2024 – 2027
- Budsjettbok med årsbudsjett for 2024 hovudoversikter
- Søknad om midlar til vedlikehald Skjåk kyrkje

Økonomiplan og budsjett blir lagt ut til offentlig ettersyn på kommunen si heimeside etter at formannskapet har handsama sak.

Skjåk kommune sin budsjettprosess i 2023, for budsjettåret 2024, blei vedteke i kommunestyresak 23/2023 i mars.

### Saksutgreiing

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2024 – 2027 inneheld innleiande kapittel, hovudtema om økonomi, medarbeidar og eigne deler om kvart kommunalsjefområde.

Budsjettboka inneheld hovudoversiktar og rammer per ansvar. Budsjettbok med hovudoversikter og detaljerte oversikter på drift og investering er lagt på kommunen si heimeside.

<https://www.skjaak.kommune.no/tenester/okonomi-og-skatt/okonomi/>

### Vurdering

Budsjettvedtaket gjeld for 1 år med omsyn til løyvingar. Det er budsjettoppstilling for 4 år.

Planer, mål, satsingar, utfordringar, tiltak, rammer og økonomisk situasjon går fram av økonomiplan og budsjettbok.

Investeringsprosjekt i langtidsperioden vert vurdert på nytt kvart år i høve til gjeldsgrad og evne til å finansiere. Investeringsoversikt inneheld nye prosjekt. Overførte løyvingar vil gå fram av eiga note i rekneskapen 2023, og vil bli implementert i budsjettet gjennom eigne saker for budsjettjustering.

Det er lagt inn samla låneopptak på 95 millionar kroner i 2024. Låneopptak blir truleg gjennomført midt på året, og med 1 avdrag første år.

Kommunestyret vedtek normalt økonomiplan, obligatoriske hovudoversikter og netto resultat per ansvarsområde, som også er summert opp på kommunalsjefområde.

Det er hensiktsmessig at politikarane også har tilgang til alle detaljer i budsjettet, og hovudoversikter med detaljer er derfor lagt ut på heimesida.

I driftsbudsjettet er det ikkje funne rom til ekstra vedlikehald av Skjåk kyrkje, slik dei har søkt om.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Skjåk formannskap tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande;

1. Formannskapet sitt framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2024 – 2027.
2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2024.
3. I medhald av eigedomsskattelova skal det i 2024 skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg og kraftnettet (eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav c). Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen, for bygningar og grunn, som tidlegare er skattlagde som verk og bruk (andre ledd i overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4). Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med seks sjuandedel i 2024 (overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og 4, første ledd, første punktum). Skattesatsen på energianlegga samt det særskilte skattegrunnlaget setjast til 7 promille av takstverdien (eigedomsskattelova § 11 og overgangsregel §§ 3 og 4, første ledd siste pkt.). Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
5. Det blir teke opp samla lån på 95 millionar kroner til investeringsprosjekt i 2024.

### **Formannskap si behandling av sak 109/2023 i møte den 28.11.2023:**

#### **Behandling**

#### **Endringsforslag budsjett, 2024, investeringsbudsjett, Skjåk Senterparti:**

Pkt 2. Formannskapet legg ut budsjett og økonomiplan til høyring med desse endringane i investeringsbudsjettet:

- Nr. 4 Hjartestartar går ut til fordel for utklede/arbeidstøy til personale i pleie og omsorg kr. 130 000,-
- Nr. 12 Marlo reinseanlegg kr. 500 000,- (reduisert frå 3 mill forprosjekt)
- Nr. 18 Skjåk barnehage oppstart bygging kr. 25 000 000,- blir flytt til 2025.
- Nr. 19 Formingsavdeling auke frå kr. 650 000,- til kr. 1 000 000,- og flytt fram til 2024.
- Nr. 22 Ombygging Skjåkheimen – omsorgsbustader flyttast frå 2025 til 2026.

*Dette forslaget vert trekt, nytt forslag kom frå Skjåk Senterparti;*

### **Endringsforslag budsjett, 2024, investeringsbudsjett, Skjåk Senterparti:**

Pkt 2. Formannskapet legg ut budsjett og økonomiplan til høyring med desse endringane i investeringsbudsjettet:

- Nr.3 Bilpark redusert frå kr. 1 000 000,- til 700 000,-.
- Nr. 4 Hjartestartar går ut (kr. 130 000,-).
- Nr. 7 VA og veg Øyberget næringsområdet går ut (kr. 1 000 000,-).
- Nr. 12 Marlo reinseanlegg går ut (frå 3 mill forprosjekt).
- Nr. 18 Skjåk barnehage oppstart bygging kr. 25 000 000,- blir flytt fram til 2025.
- Nr. 19 Formingsavdeling auke frå kr. 650 000,- til kr. 930 000,- og flytt fram til 2024.
- Nr. 22 Ombygging Skjåkheimen – omsorgsbustader kr. 10 000 000,- frå 2025 til 2026.
- Nr. 25 Makesifte Røde Kors redusert frå kr. 1 000 000,- til 500 000,-
- Nr. 31 Dønfoss VA utbygging ansvar 420 , ten 3403, pro 292, kr. 4 000 000,-

### **Endringsforslag frå Morten Kielland (BL): Endringsforslag investeringsbudsjett:**

Nytt tiltak: Ungdommens hus ved Friviljugsentralen kr.1 000 000 i 2024.

- 4. Hjertestartar kr.130 000 blir teke ut av investeringsbudsjettet.
- 7. Infrastruktur VA og veg Øyberget næringsområde kr.1 000 000 blir flytt til 2026.
- 12. Marlo reanseanl prosjektering pga utbygging redusert til kr.500 000

- 12. Marlo renselanl prosjektering pga utbygging kr.500 000 blir flytt til 2025.
- 18. Skjåk barnehage kr.500 000 blir flytt til 2025.
- 22. Skjåkheimen ombygging 12 SJH til 6 OMS kr. 10 000 000 blir flytt til 2026.
- 26. WC Bismo sentrum kr. 1 500 000 blir flytt til 2027.

*Tilleggs-framlegg:*

1. Bestilling til kommunedirektør: Sett opp et forslag til dialog-møter høsten 2024 mellom kommunedirektør og politikere om budsjett 2025.

2. Ved behandling av årsrekneskap 2023, skal gjeldsgraden vurderast.

*Morten Kielland (BL) trekte sitt forslag.*

Pkt.2 Formannskapet legg ut budsjett og økonomiplan til høyring med desse endringane i investeringsbudsjette. Samrøystes.

- Nr.3 ståande mot ei stemme, AP.
- Restrerande punkt i endringsforslaget samrøystes.

**Vedtak**

Pkt 2. Formannskapet legg ut budsjett og økonomiplan til høyring med desse endringane i investeringsbudsjettet:

- Nr.3 Bilpark redusert frå kr. 1 000 000,- til 700 000,-.
- Nr. 4 Hjartestartar går ut (kr. 130 000,-).
- Nr. 7 VA og veg Øyberget næringsområdet går ut (kr. 1 000 000,-).
- Nr. 12 Marlo reinseanlegg går ut (frå 3 mill forprosjekt).
- Nr. 18 Skjåk barnehage oppstart bygging kr. 25 000 000,- blir flytt fram til 2025.
- Nr. 19 Formingsavdeling auke frå kr. 650 000,- til kr. 930 000,- og flytt fram til 2024.
- Nr. 22 Ombygging Skjåkheimen – omsorgsbustader kr. 10 000 000,- frå 2025 til 2026.
- Nr. 25 Makeskifte Røde Kors redusert frå kr. 1 000 000,- til 500 000,-

- Nr. 31 Dønfoss VA utbygging ansvar 420 , ten 3403, pro 292, kr. 4 000 000,-